

# Samarbeidserklæring for perioden 2011-15 for partia V, KrF, SV og H i Bø

---

Partia Venstre, KrF, SV og Høgre i Bø kommunestyre er enige om å inngå eit politisk samarbeid for perioden 2011-2015.

## Politiske hovudprioriteringar

Dei fire partia ønskjer å vidareføre stabile og gode tenester på alle område, innanfor ramma av ei stram og god økonomistyring. Følgjande område kan nemnast spesielt:

- Vi vil at kommunen skal vere ein aktiv skuleeigar. Dette inneber også prioritering av ressursar til skulen, herunder vurdering av grupphestorleik og kompetansetiltak for lærarane.
- Vi vil vidareføre vedtekne utbyggingsplanar for sjukeheimen og prioritere kvalitet i tenestene.
- Vi seier ja til eit fortetta sentrum, innanfor grensene i kommuneplanen, og nei til ei utvikling mot eit todelt sentrum. Vi vil også følgje opp og realisere planen for Evjudalen.
- Vi vil vitalisere dialogen med aktørane innanfor alle dei ulike delene av næringslivet i Bø. Vi vil ha ei positiv haldning til næringsutvikling og jobbe for å framheve Bø sine konkurransesfortrinn i alle relevante samanhengar.
- Vi vil arbeide aktivt for eit best mogeleg jernbanetilbod og annan infrastruktur.
- Vi vil aktivt bruke fagmiljøa i Bø, som Bø vidaregåande skule, HiT og Telemarksforskning.
- Vi vil stimulere til energisparande tiltak og at framtidig utvikling og utbygging skal utførast etter miljøkrav. Vi ønskjer også at den vedtekne klimaplanen skal brukast aktivt.
- Vil vil bidra til at Bø skal ha gode rammer for eit variert kultur- og idrettstilbod og vidareutvikle samarbeidet med det frivillige arbeidet i Bø.

## Retningslinjer for det politiske samarbeidet.

Dei fire partia har ei overordna målsetjing om å medverke til ein open og respektfull debatt.

- Partia har som mål å drøfte viktige saker før vedtak i kommunestyret, med sikte på semje. Med ei slik semje som grunnlag vil ein likevel aktivt delta i og lytte til debatten i kommunestyret og nytte gruppemøte om ein finn grunn til å endre standpunkt.
- Dersom partia ikkje kjem til semje før kommunestyret, går dei inn i debatten med eigne standpunkt.
- Partia er enige om å leggje særleg vekt på å kome til semje i budsjettsaka. Her vil ein som hovudregel ikkje gå inn for andre endringar i rådmannens framlegg enn det som alle partia er enige om. Unntaket frå hovudregelen er saker som kan grunngjenvæst ut frå sentrale tema i partiet sitt program. Slik grunngjeving må også ligge til grunn om eitt parti vil gå imot eit budsjett-tiltak som resten vil støtte. Det er det enkelte parti som til slutt vurderer om dei kan gjere bruk av dette unntaket.
- Eit framlegg som eit parti får støtte for blant dei fire partia skal fremjast av og tilskrivast det partiet som foreslo det. På same måten vil fleirtalet også møte gode forslag frå opposisjonen.
- Hovudutvala bør kvart år halde minst eitt ope folkemøte om aktuelle tema.

- Gruppeleiarane i dei fire partia og ordføraren utgjer eit arbeidsutval i samarbeidet. Kjem ein etter partihandsaming fram til andre konklusjonar enn innstillinga i saka, bør arbeidsutvalet ha eit møte eller epost-dialog framfor kommunestyremøtet. Det bør haldast eit felles gruppemøte i samband med budsjettbehandlinga og elles etter behov.

Bø, 22. september 2011

Bø Venstre

Bø KrF

Bø SV

Bø Høgre